

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV DESEMBER 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: John Stennes

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun

Referent november: Einar Holm

Fødselsdager i januar:

Hans Gisle Holstad 07.01

Svein Egil Kleppe 05.01

100%frammøte i desember 2003:

Jarle Klungsøyr, Elias Sellevoll, Ingar Bigset, Johan Ole Brandal, Håkon Eidsvik, Svein Johs. Flø, Hans Gisle Holstad, Svein Egil Kleppe, Jan-Håvard Nytun, Aage Nytun, Elisabet Sundgot, Karl Johan Brandal, Håkon Brekke, Einar Holm, Hans Otto Rise

Fremmøte prosent: 63,2

## Jeg har sett det.

Myrull

Som kloder spunnet av lys  
Mjukt svaiende på stilken  
Over vasne, fjørgamle spor  
I måsan på myene.

Hans Børli

---

## Månadens referent takkar

- begge sine foreldre
  - uten dem
  - ville han verken
  - hatt mulighet
  - eller grunn
  - til å skrive dette brev
-

### **Mandag 1.12.2003.**

Kveldens gjest: Irene Standnes.

Presidenten nytta dei første minutta til ein del orienteringar. Elles var det månadens programfrie møte.

Praten gjekk livleg rundt dei mange borda, med velsmakande kaker og god kaffi til.

### **Mandag 8.12.2003.**

Etter presidenten sin vekomst, opning og song fekk vi ego foredrag av Johan Ole Brandal.

Ei interessant ferd gjennom barndom, ungdom- og yrkesaktivt liv. Takk skal du ha Johan Ole.

Ego foredraget er tatt inn som vedlegg, lenger bak.

### **Mandag 15.12.2003.**

Etter opning av presidenten og felles song fekk vi eit interessant foredrag om Hareid

kommune sine moglegheiter og problem, av Hareid sin nye rådmann Irene Standnes.

Foredraget er tatt inn som vedlegg lenger bak.

### **Mandag 22.12.2003.**

Julemøte.

Det var velpynta bord som møtte oss til dette siste møtet i 2003. Både festkomitéen, og dei to som stod for maten (Mildrid og Hanna) fortener stor takk.

Etter presidenten si velkomsthelsing leia Arne oss med sikker hand gjennom allsongen, før sokneprest Atle Hopland minte oss om jula sin bodskap og innhald før han las Juleevangeliet.

Kjende og kjære ord - som både gir ettertanke og vekker minne.

Takk til soknepresten.

Så var det årets festmåltid - lutafisk og mór med tilbehør.

Etter eit velsmakande måltid og livleg prat ynskte vi kvarandre God Jul.

Kveldens gjest: Irene Standnes.

## Foredrag av Irene Standnes.

Hareid kommune si moglegheit.

Rådmannen innleia friskt med ein påstand om at det ikkje er den dårlege kommuneøkonomien som er den største utfordringa i Hareid kommune, men haldningane.

Alle i kommunen er dessverre ”smerteleg” klar over konjunktursvingningane i næringslivet, og den dårlege kommuneøkonomien. Sistnemnde er mellom anna resultat av mindre rammetilskot frå staten samstundes som lovpålagde krav til tenestetilbod og nye reformar vert innført.

Ho meiner at det i ein slik situasjon er viktig å fokusere på ressursane og moglegheitene. Ho peika på nokre av dei rammevilkåra ho meiner er viktige for kommunen.

- ✚ Strategisk plassert i regionen (jfr. Hareid som innfartsåre til Ålesund og Søre Sunnmøre).
- ✚ Hareid har variert og samansett næringsliv dominert av små og mellomstore bedrifter (møbelindustri, fisketilvirking, betong- og trevare, IT-tenester, maritim industri, i tillegg til nokre handelsverksemdar) og det er viktig å legge til rette for nyetableringar, og støtte opp om det etablerte næringsliv.
- ✚ Vidareutvikle Hareid som ein næringsvenleg kommune dvs. effektiv kommuneadministrasjon som har evne til å snu seg fort rundt, men undersøkingar viser at gode skular og kulturtilbod er heilt sentralt for å få kompetent personell til dei lokale bedriftene.
- ✚ Å legge til rette for at det vert avsett tilstrekkeleg areal til industri og næringsutvikling, og at dette kan bli disponibelt på kort varsel.
- ✚ Innbyggjarane (jfr. Nedgang i folketallet) og kompetansen desse har (human kapital).
- ✚ Naturressursar og gode oppvekstvilkår.

Ho understreka kor viktig det er å utnytte desse ressursane ved å:

- ✚ Vere løysingsorienterte og sjå på alle moglegheitene jfr. Riksvegen som utstillingsvindaug for næringslivet på Hareid, variert næringsstruktur, god eldreomsorg og andre gode kommunale tenester), ikkje berre på avgrensingane (dårleg kommuneøkonomi, endra rammevilkår frå sentrale myndigheiter og konjunktursvingingane i næringslivet)
- ✚ Jobba saman om felles mål og utfordringar ikkje berre lokalt (politikarane, kommuneadministrasjonen og resten av bygdefolket) men også i regionen (jfr moglegheitene for interkommunalt samarbeid). Ho viste til ”motkrefter” som nedbrytande og ”navlebeskuande” medieutspel, lokaliseringsdebattar, og at alt for få ser på samanhengane/ heilheita.
- ✚ Inngangsette tiltak for å behalde befolkningsgrunnlaget og nytte ressursane til innbyggjarane (jfr. Skape arbeidsplassar, leggje opp areal til boligformål, utvikle gode tenestetilbod i kommuna og andre tiltak for å hindre fråflytting og for å få høgt utdanna Hareidsungdom til å kome tilbake for å etablere seg i bygda).
- ✚ Sjå at alle har eit ansvar for utviklinga av Hareid, men at politikarane, kommunetilsette og bygdefolket har ulike roller i sette samspelet som er heilt naudsynt å utnytte dersom ein skal skape ei levande bygd med næringsutvikling og gode tenester.

- ✚ Skape kreative møteplassar i bygda både på den offentlege arena (internt i kommuneadministrasjonen og i politikken) og private initiativ, eksempelvis trendseminar og anna nytenkjande initiativ.
- ✚ Bruke den tverrfaglege kompetansen og dei ressursane som fins i bygda, herunder ressursane som Rotary og andre ideelle organisasjonar representerer.
- ✚ Nytte mangfaldet og kreativiteten hjå den enkelte, jfr. Kva Brandølingane har fått til med Ishavsmuseet og kulturelle tiltak.  
Hareidsstemna og andre tiltak som kan setje Hareid kommune på kartet som ei bygd der det er godt å leve og etablere seg.
- ✚ Vise omtanke og kjærleik også i det offentlege rom og å ta kampen opp med ”bygdedyra”, eksempelvis bry seg om kvarandre og ikkje med kvarandre. Gje kvarandre nye sjansar og til å vise kven ein er og kvae in duger til, og ikkje stemple personar etter fortida eller familierelasjonane.

Ho viste til at også lag og organisasjonar har ei rolle i samfunnsbygginga, og rosa Rotary for initiativet langs Hareidselva. Ho utfirdra derfor Rotary til å ta del i dei nemnde utfordringane. Ho lanserte også ein idé om at Rotary kunne delta og ev. gje økonomisk støtte til ytterligere trendseminar eller besøk på/ samarbeid med det interaktive instituttet i Åre I Sverige.

Ho avslutta med ei julehistorie som skulle illustrere kvae in kan få til når berre heile bygda dreg lasset saman, og kva Hareid bør stå for:

H for handlekraft

A for ansvar

R for utnytting av ressursane

E for engasjement

I for idédugnader

D for realisering av draumar

## **Ego foredrag av Johan Ole Brandal 08.12.2003.**

Eg heiter Johan Ole Brandal, er 51 år gamal og bor i Brandal.  
Eg er gift med Tove, saman har vi to gutar, som begge er vaksne.

Men eg har tenkt å begynne å fortelje litt on barndommen, vidare til ungdom, arbeidsliv og avslutte med å fortelje kav eg gjer og brenn for i dag.

Eg er sonen til Jon og Solveig Brandal, og har vakse opp på plassen i Brandal i trygge og gode omgivingar må eg sei. Eg har to sysken, Oddfrid og Trygve.  
Eg var vel ein ganske snill og kjekk kar i barndommen, trur eg, men det skulle fort forandre seg då eg kom på framhaldsskulen.....

Då var det alt som skulle prøvast på ein gong, og den guten som for kort tid sidan hadde vore lett å ha med å gjere han var ikke til å ha i hus lenger.  
Hans Otto Rise var læraren min, og han kan nok stadfeste at eg var ein villstyring, sjølv om eg trur eg var ganske god på botnen. Skulen gav eg mykje blaffen i den tida, sjølv om eg likte Hans Otto svært godt.

Heime var dei ganske fortvilte.

Eg trur dei håpte at dei hadde fått i meg so pass med ballast, at eg skulle rette med opp att etter kvart.

Og det har eg vel gjort sidan en står her.

Då eg var konfirmert og ferdig på skulen ville eg på sjøen.

Den første båten eg var med var M/S Hareidingen frå Hareid med Johan Bertil Bakke som skipper.  
Linefiske på Vest Grønland etter torsk.

Eg var messegut og delte lugar med stuerten, ein litt alkoholisert nordlenning, som budde i Ørsta.  
Eg fekk sjøverk også, den einaste gongen i heile livet trur eg.

Oversliglinga til Færøyane tok eit døgn, og det var dette døgnet eg var sjøsjuk, endå det var fint ver.  
Men då vi seig til lands i Torshavn var alt bra, sjølv om syntes det vogga litt, også etter at eg var komen på land.

På Færøyane plukka vi opp Færøyske fiskarar i Torsha mn, Klaksvik og på suderøy. No sette vi kursen mot fiskebankane å Vest Grøland.  
Vi starta ganske langt nord og fiska bra, sjølv om eg også huska at det var litt køyring (leiting) som vi sa, og skipperen var morsk og fåmælt.  
Eg fann fort ut at eg likte mykje betre å egne line, stå ved rullen og drage og å kappe fisk enn å vaske opp og vaske dørkar, men eg trur eg gjorde det eg måtte, sånn omtrent.  
Eg vart forresten god kompis med fiskarane når eg tok ein tørn for dei, som å ta ei line for dei, eller ta med ein tørn med kapping av torskehaud, osv.

Etterkvart so mått vi ha bunkers, proviant og salt naturlegvis. Då gjekk vi inn til Holsteinsborg, på Grønland.

Du verden for ein lauslivnad der var å sjå for ein 15 års gamal gut, som ikke hadde vore med på so mykje før. Å jentene då, kor lette dei var å kome i kontakt med, og kor fine dei var.....

I slutten av November var vi fullasta og gjekk til Færingehamn for å bunkre, so pass at vi kom oss heim. Då vi hadde bunkra såg vi ikkje igjen lastemerket, og det var med nød og neppe vi kom oss over dekk sjølv med støvlar på.

Vi kom heim til jul, og eg hadde plutselig vorte vaksen, syntes eg sjølv.

Neste tur vae eg med ein annan Hareudsbåt til Vest Grønland og New Foundland. Det var MS Hadarøy. No hadde eg vorte smørjar. Det var forresten her eg gjorde meg til god latter for mannskapet, i Harbour Grace, på New Foundland. Endeleg fekk eg lov til å gå i land av chieffen, Alf Kvalsvik, frå Hareid. Etter å ha rusla litt rundt, kom eg inn på ein Taverna eller noko sånt. Eg sette meg ved eit bord for meg sjølv, sjølv om der var fleire frå båten, såg eg. Då eg skulle bestille såg eg meg fort rundt, og så høgt og tydeleg: "Khicken and wisky", endå ikke fylt 16 år. Då var det nokre som brølte lenger inne i lokalet. Men eg fekk det eg ba om, og det er vel einaste gongen eg har drukke wisky til kylling.

Etter denne turen var eg både i Davik-rederiet i Brattvåg på selfangst, og prøvefiske etter håbrann, i lag med ein friskus av ein skipper frå Grytastranda som heitte Reidar Uggedal, Ru, før eg gjekk over til nordsjøfart og seinare utenriksfart.

Frå 1973 til 1974 var eg i militæret i 15 mnd. Det var på slutten av denne tida at eg forelska meg.

Tove Brandal, frå Hareid.

Vi begynte å vere i lag på rett då eg hadde dimma i romjula 74. Vi fekk oss ei heite veke før eg reiste på sjøen att, rett etter nyttår.

Eg er like glad i henne i dag som då, og vi har forresten vore gifte i over 26 år no, så tida går.

I juni 75 kom eg heim for å gå styrmanskule, men eg som hadde slutta så tidleg på skule og vore lite interessert siste året, skulle få det hardt no, det viste eg.

Derfor hivde eg meg på eit forkurs på Risøya folkehøgskule, og det kom godt med. Eg flytta til Bergen og begymte på styrmanskulen på Nordnes. Første månadene studerte eg hardt og intenst og då det gjekk bra til jul, såg eg lyst på livet.

Tove var forresten i Danmark dette året, på gymnastikkskule, som det heitte.

I juni hadde eg vorte 2. styrmann og fekk meg vikarjobb med MS Polarhav på oljeleiting i Irskesjøen. Så tok eg til på neste år på skulebenken, denne gong i Ålesund. Yove og eg gifte oss den 23. juli 1977 og 2. august var eg på plass om bord i MS Høegh Breeze, tilhøyrande Leif Høegh's rederi i Oslo.

I dette rederiet skulle eg kome til å gå gradene frå 2. styrmann til kaptein etter kvart, berre avbrote av litt meir skule og ei kort periode i Hagenæs i Ålesund.

Men tilbake til MS Høegh Breeze. Eg mønstra på i Roptterdam og dette var siste havn i Europa, før vi kursa sørover kanalen med full stykkgodslast til Vest Afrika.

Vi gjell frå Rotterdam i 6-7 tida om kvelden, og eg hadde vakt frå klokka 2000 til 2400. Då hadde vi kvitta losen, fått ned flagga og kome opp i seaspeed, som var ca 17 knop, gjekk skipperen ned for å sende diverse telegram, osv.

Eg syntes skipperen var en kald fisk som våga å sette ein så fersk 2. styrmann igjen åleine på brua, berre saman med utkikken, i det tettast trafikert sjøstykket i heile verda.

Eg var bra forkava der oppe skal eg seie dokke, peila og sette ut posisjonar i kartet i eit sett, heldt kontroll med trafikken, gjorde vikemanøvrar, og klarte meg antakelig ganske bra.

Berre eit par gonger var han oppe, skipperen, og det var når eg var litt nær kryssande ferger og han lurte på om eg ikkje skulle svinge snart.

Luringen fylgde med frå lugaren under. Det forstod eg seinare.

Første stopp i Afrika var Freetown, i Sierra Leone. Her tok vi om bord 15 crewboys som var om bord heile tida medan vi var på Vest Afrika. Vi sette dei i land på nord, og då hadde dei mykje å ta med.

I dag hadde nok desse underbetalte crewboyane vore gjenstand for store oppslag i media, men slik var det ikkje då. Dei budde i mastehus på dekk i oppsveiste køyer rett på skotet, og hadde eigen kokk.

Det lukta stramt frå byssa, og eg brukte å spørje "What's for dinner today, or lunch". Svaret var alltid: "Onionsoup, sir".

Enten så hadde dei veldig einseitig kost, eller så var det det einaste kan kunne på engelsk. Eg var 8 mnd. Om bord på Høegh Reeze, og lærte ei masse.

Neste bår vart MS Høegh Marit, og då hadde eg med Tove. Vi reiste til Seattle, og vidare til Longview, i Columbia River, der vi gjekk om bord.

Dette var ein ny flott båt, container/ bulk, spesielt bygd for frakt av treforedlingsprodukt, med der tilhøyrande teknologi. Industrishipping kallast dette i dag. Der var også badebasseng, gymsal og mykje anna, så Tove leid inga nød.

Vi brukar å seie at Olve, eldste guten vår er unnfanga i Stillehavet, og det trur eg er sant. Han blei fødd i mars året etter. Då gjekk eg på skule igjen i Ålesund.

Ja, ja etter at eg var ferdig med siste året på skule reiste eg til Japan, for å vere med å ta ut eit nybygg frå verkstaden i Sakaide ved Takamatsu, på Shikoku øya. Ikkje langt frå Kobe.

Dokke som har hatt studentutveksling til Japan veit sjølvsagt at Japan består av 4 hovedøyar; Hokkaido, Hanshu, Shikoku og Kyushu.

Misubishi Heavy Industries, Sakaide works, heitte verftet.

Eg trur eg aldre har følt med så einsam som då eg sjekka inn på hotellet i Tokyo, åleine etter å ha forlete ein liten gut på 3-4 mnd, og Tove, som var så glad i, og visste at eg skulle vere borte i ca 6 mnd.

Men det gjekk fort over.

Etter dette fekk vere med på mykje, nesten over heile verda.

Eg har aldri vore på Vestkysten av Sør Amerika, i Svrtehavet eller på New Zealand, men ellers.....

I 1989 blei eg tilboden kapteinsjobb i Hagenæsrederiet i Ålesund, og takka ja. Dei hadde kjøpt seg to 30000 tdw båtar, og var ute etter folk med erfaring frå utanriksfart, Men dette vart etterkvart litt for smått for meg. Eg var det i 1,5 år før eg gjekk tilbake til Høegh igjen.

I 1993 fekk eg tilbod om å vere på rederikontoret i Oslo ei tid, for så å ha byggetilsyn med 2 bilbåtar i Korea.

Etter eit par månader i Oslo og rundreise i Japan og Korea der vi skulle velje skipsverft, fekk eg tilbod om jobb som Port Captain i Vancouver B.C., for Star Shipping i Bergen.

Star Shipping kjende eg gjennom at vi hadde vore chatra for Star, og Vancouver kontoret kjende eg spesielt godt.

Dette blei vanskeleg, men etter litt tenking og diskusjon sa eg opp jobben i Høegh, og reiste til Vancouver i British Colombia, Canada.

Vi kjøpte hus og etablerte oss i North Vancouver.

Først var eg åleine, sidan kom Tove, Olve og Erlend også. Eg likte meg faktisk godt, men Tove ville heim, og etter to år takka eg ja til eit tilbod om utestasjonering i Amsterdam, for Høegh igjen. No var eg owners representant og arbeidde i lag med Hollenderer og Japanarar i eit kontorfellesskap.

Mange som har budd i utlandet har nok gjort den erfaring vi gjorde, nemleg at Norge er eit lite land i verda, og at vi kan ha godt av å sjå kva andre gjer også.

Først hadde eg nokre månader i Oslo, før vi flytta til Amsterdam alle, untatt Olve, som då hadde gått eit år på vidaregåande i Ulsteinvik. Han blei igjen med foreldra til Tove, men han fekk seg fleire turar på besøk til Amsterdam.

Vi budde i ein forstad til Amsterdam, Amstelveen, like ved Shipool fluplass, og det kom godt med, etter som eg var mykje på reisefot.

Erlend gjekk på den Internasjonale skulen i Amsterdam, og fekk seg eit fanatsisk år. Han vart også konfirmert i den Svenska Sjømannskyrkan, saman med to svenskar. Han reiste forresten rundt i heile Europa i førebuingstida saman med ein ung kjekk sjømannsprest, og dei to svenske gutane.

For å få til samlingar med andre skandinaviske ungdomar, reiste dei til London, Bryssel, eit kloster i Ta i See, Frankrike osv.

Norsk skule er kanskje bra, men det var rart for Erlend å kome heim til ungdomsskulen på Hareid, å få beskjed om at hans engelsk var dårleg, både skriftleg og muntleg. Då var vi litt engasjerte alle saman.

I 1997 stod eg overfor valet av å ta i mot ein ny jobb på Oslokontoret, med muligheiter for anna utestasjonering, eller flytte heim og finne meg noko heime.

Det vart det siste!

I august tok eg til som driftssjef hos Nor-Cargo AS i Ålesund, eller rettare sagt i Breivika.



Her fekk eg arbeidsoppgåver som var heilt nye for meg. Drift av terminal og styring av lokaltrafikk (lastebil) låg under meg. Heldigvis hadde eg gode medarbeidarar, slik at det gjekk stort sett bra. Etter kvart fekk eg frå meg lokaltrafikken, slik at eg fekk konsentrere meg om terminaldrifta.

I ei overgangsperiode hadde eg også drifta av terminalen i Molde.

Våren 2001 vart eg spurd om eg kunne tenkje meg å bli driftssjef på Franzefoss på Hareid. Franzefoss Hareid hadde då vore inne i ei turbulent tid, med en del uro, som dokke sikkert kjenner til.

Dette var under vurdering, då eg for første gong i livet blei sjuk, i juni same år.

Eg merka det først ei helg då vi var på hytta på Lesja. Voldsomt svimmel, måtte legge meg rett ned, men det gjekk no over. Tove køyrde likevel heile vegen heim.

Eg reiste på arbeid som vanlig på mandag, men det var noko som gale.

Ein ettermiddag på jobb, blei eg så rar i hovudet at eg måtte ut for å få frisk luft.

Etter ei stund var det ein kollega som lempa meg inn i bilen å køyre meg til sjukehuset.

Då var eg ganske uvel, men før legen fekk sjå på meg var eg bra igjen.

Eg fekk time med Vidar Vollsæter som ordna meg time med ein øyrespesialist, som friskmelde meg for øyrene. (Balansenerven ligg ved øyrene)

Eg var framleis på jobb, men eg hadde fått noko med synet. Då eg ringde Vidar og forklarte korleis eg kjende det, hadde han bildet klart.

Eg blei innlagt på sjukehuset på fredag ettermiddag, og blei der til onsdag.

Då eg vart utskreven viste det seg at eg hadde hatt eit slag, som hadde fjerna sidesynet mitt, på høgre side.

Eg fekk ikkje køyre bil, men elles kunne eg leve som normalt.

Eg var sjukmeld i 2 veker, før eg tok ferie, som eg tidligare hadde planlagt.

Eg gjorde meg til godvenner med sykkel, og valde å sjå på mulighetene, i staden for hindringane.

No vart det tungvindt å kome seg på jobb i Breivika i Ålesund.

Heldigvis hadde eg i juni vorte einig med Franzefoss om at eg skulle ta til der, så snart eg vart fristilt frå Nor-Cargo.

Eg begynte hos Franzefoss i Brandalstranda i slutten av august 2001, og er der framleis.

No syklar eg på arbeid kvar dag, og har ikkje hatt ein sjuk dag sidan dette.

Ein skulle kanskje tru at eg no føler meg sett på eit sidespor, etter eit liv i full fart, men slik er det ikkje.

På Franzefoss er eg leiar for den daglige drifta, og med ein arbeidsstokk på ca 30 personar, har eg nok å styre med.

Severin Eilertsen er regionsleiar.

Heldigvis har eg også her gode medarbeidarar, og eg synes vi har fått til mykje på desse 2,5 åra, sjølv om utfordringane står i kø. Godt leiarskap, arbeidsmiljø og arbeidsmoral er ting eg brenn sterkt for.

Det er sjeldan eg blir så engasjert som når eg kjem inn på dette.

Fråveret på Norske arbeidsplassar er heilt i verdstoppen.

Vi som kallar oss vikingar har blitt nokre store pyser, som legg oss føre berre oss kjenner litt rusk i halsen.

På Franzefoss har vi fått totalfråveret ned i vel 3 %, og det er vi stolte av.

Eg ringer til alle som er sjuke, på første sjukedag, og har fått berre gode tilbakemeldingar på det.

Vi har også blitt ein heil nasjon av sytarar, som skal ha sosialhjelp for alt.

Til og med dei norske pensjonistane har blitt slik. No er det om å gjere kor tidlig dei kan gå av slik at dei kan reise til Spania i månadsvis, for å late seg og drikke raudvin, og spele golf.

Kvar har det vorte av den Norske, for ikkje å sei den Sunnmørske tiltakslysta?

No kjenner vi pusten frå andre nasjonar i nakken, som er villige til å arbeide mykje hardare enn oss.

Og det er mitt inderlige håp at vi skal kome ut av den industrikrisa vi har i dag, og med ei betre forståing for at vi skal hevde oss i framtida, so krev det hardt arbeid frå oss alle.

Og i så fall er krisa vel verdt.

I staden for å spørje kva Noreg kan gi kvar enkelt av oss, skal oss spørje kva vi skal gjere for landet vårt.

Det skuldar vi alle dei slitarane, som har bygt dette landet.

No har eg mala med brei pensel lenge, so no må eg prøve å runde av og ta meg inn igjen trygg grunn.

Kva er det han Johan Ole Brandal gjer på fritida då:

Jau eg prøver å sjå lyst på livet og å gle meg til kvar dag, både i arbeid og fritid.

Eg likar godt å gå på fjellet, både sommar og vinter. Eg trur eg har vore på dei fleste kjendistoppene i Sunnmørsalpane, både til fots og på ski, pluss ein del andre plassar og. Kolåstinden, Ramoen, Slogen og alle dei andre. Det er vel ikkje nokon gong eg føler so levande som då.

I fjor var eg på Romoen på ski. Det trudde eg ikkje for nokre år sidan.

Eg har forresten nye ski øvst på ynskjelista til jul.

Elles er eg ein av dei galne i Brandal som badar i sjøen, heile året, minst ein gong i veka.

Eg er leiar i Ishavsmuseets Venner, ved museet i Brandal, og her tillet eg meg å oppfordre dokke som er her til å bli medlemmar.

Då får dokke "Isflaket" i posten, ca 4 gongar i året.

Eg er for tida leiar i Brandal hjortevald, og sit i styret for Brandal Velforeining.

For å vere litt meir urban har eg no også kome med i Hareid Rotary, og eg er glad for at dokke ville ha meg.

Eg er også veldig glad i god mat, og likar godt å lage i stand selskap, sjølv om eg ikkje er nokon kokk.

No rett før jul er det Rakfisktid, og den har vi smakt på i godt lag, men der er meir igjen.

Neste helg eg vi invitert i lutafisklag, i lag med gode vener.

Eg fekk også vere med på ei fantastisk gourmet-helg på Brimi Sæter, i Jotunheimen i haust.  
Det var kjekt.

Samvær med slekt og gode vener set eg umåtelig stor pris på.

Takk for meg!

Brandal 06.12.03

Johan Ole